



MØTEPROTOKOLL

Utval	Forvaltningskomiteen
Møtedato	03.05.2017
Møtestad	Formannskapsalen , Rådhuset
Møtetid	17:00 – 18:30

Følgjande medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Repr
Øyvind Utne	Medlem	H
Kjetil Mehl	Medlem	SP
Ingrid Koløy Eide	Medlem	H
Otto Benjaminson	Medlem	KRF
Aksel Kloster jr	Medlem	AP
Irene Nielsen Sjo	Medlem	AP

Følgjande medlemmer møtte ikkje:

Namn	Funksjon	Repr
Kari Fausk Blokhus	MEDL	FRP
Lillian Åkre	MEDL	SP
Jan B Ingvaldsen	MEDL	H

Følgjande varamedlemar møtte:

Namn	Vara for	Repr
Kai Morten Torget	Kari Fausk Blokhus	FRP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørn Høivik	Fung. einingsleiar
Bente Høyland	Møtesekretær

MERKNADER:

Orienteringar:

Ingen.

Permisjonar:

Ingen.

Inhabile:

Ingen.

Evt. endring på saksrekkefølge:
Ingen.

Tilleggssaker:
2017/48 – Behandling dispensasjon -146/124 – Elna M Fludal.

SAKLISTE

Saksnr	Innhald
PS 2017/33	Dispensasjon frå gjeldande reg.plan - auke av utnyttingsgrad og § 1-8 på tomt 171/39 Kolbransneset - Varaldsøy - Per Erik Schumann-Olsen
PS 2017/34	Mindre endring av detaljreguleringsplan for 185/197 m.fl. - byggegrense Eikelyvegen - Valen - Byggeland AS
PS 2017/35	Mindre endring av detaljreguleringsplan for 186/31 med fleire - flytting av gangareal og forandring av utnyttingsgrad i bustadfelt Porsvikneset - Valen - Porsvikneset AS
PS 2017/36	Mindre endring av reguleringsplan for del av 234/3 og 234/14 med fleire - Arealføremålbytte for hytte og fellesområde samt innteikning av gjeldande byggjegrænse - Høylandsbygd - Einar Medhus m.fl.
PS 2017/37	Mindre endring av reguleringsplan for 234/3 og 14 m.fl - takform og utnyttingsgrad av fritidsbustader på Høylandsbygd - Halsnøy - Torgeir Tangeland og Laila Mehus
PS 2017/38	Oppstart av detaljreguleringsplan for deler av 14/1 med fleire - Småbåtanlegg Tuftemarka / Storeholsund - Ølve - Arve Kjærland
PS 2017/39	Utlekking til off. ettersyn av detaljreguleringsplan for 123/176 - Konsentrert bustadbygging i Uskedalen sentrum - Uskedalen - Uskedal Eigedom AS
PS 2017/40	Utlekking til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for del av 81/1, 20, 35 - Rosendal kulturhistoriske trebåtsenter - Rosendal - Interesselaget for galeasen Gurine v/ Anders Jordal
PS 2017/41	Utlekking til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for 154/257, 338 med fleire - Sunde industriområde - Sunde - Pøylo Eiendom AS
PS 2017/42	Klagebehandling i.h.t. godkjenning av detaljplanendring for 153/346 m.fl - bustader på Slettestølen - Sunde - Bjørn Erik Eliassen
PS 2017/43	Behandling - Søknad om deling - 100/11 - Dimmelsvik - Jon Seberg
PS 2017/44	Behandling - Omdisponering - 82/16 - areal til kårhus - Joar Tveito
PS 2017/45	2.gongs behandling - deling - 278/5 og 272/1 Åkra - Evy Brekke
PS 2017/46	Lovbrottsgebyr - ikkje omsøkt tilkomstveg Grunnvågen - 199/171,172 - Øybygg A/S m/fl
PS 2017/47	Delegerte vedtak - møte 3.5.2017
PS 2017/48	Behandling dispensasjon - 146/124 -føresegner i reguleringsplan for naust - Sunde - Elna Marie Fludal Refererte vedtak (delegert sak)
RV 2017/3	Vedtak i klagesak - 170/12 - avslag dispensasjon for tilkomstveg - Haktor A. Gjuvsland - Varaldsøy
RV 2017/4	Løyve til omdisponering areal til juletreproduksjon - 145/20 Sunde - Knut Inge Bjørnebøle
RV 2017/5	Avgjerd klage fylkesmannen - 241/69 - teknise anlegg Hansalio
RV 2017/6	Vedtak i klagesak - flytebrygge - 193/40 - Sæbøvik - Bjørn Ove Sjo

PS 2017/33 Dispensasjon frå gjeldande reg.plan - auke av utnyttingsgrad og § 1-8 på tomt 171/39 Kolbrandsneset - Varaldsøy - Per Erik Schumann-Olsen
Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee gjev dispensasjon for fritidseigedom 171/39 frå gjeldande plankart for reguleringsplan Kolbrandneset – Varaldsøy – del av 171/1 m.fl., frå den 16.12.04 (planid.: 20020015), slik at dispensasjon frå kartet sin utnyttingsgrad om auke frå BYA 17% til BYA 19,5% blir godkjent og byggjetiltak kan omsøkjast og handsamast.

Løyve er heimla i [pbl §19-2](#) då omsyna bak planen vert på ingen måte tilsidesett, og fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene. Det kan gjevast dispensasjon. Kvinnherad forvaltningskomitee gjev dessutan dispensasjon frå [pbl. §1-8](#) for bygging av tilbygg og etablering av utestova på 171/39.

Før tiltaket kan igangsettjast må det vera omsøkt og gjeve løyve etter Plan- og bygningslova.

PS 2017/34 Mindre endring av detaljreguleringsplan for 185/197 m.fl. - byggegrense Eikelyvegen - Valen - Byggeland AS
Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee godkjenner mindre endring av reguleringsplan for 185/197 m.fl. - endring av byggegrense i bustadfelt Eikelyvegen – Valen.

Plankartet er revidert i følgjande punkt:

- *Byggegrense i fellesveg som betener BK1, 2 og 3 blir minka frå 5m til 3m.*

Vedtaket er heimla i [pbl §12-14](#) og forvaltningskomiteen meiner i samsvar med utgreiinga nedanfor at endringa er mindre og i samsvar med lova.

Før den mindre endringa er gjeldande skal det reviderte kartet sendast som SOSI-fil til kommunen.

PS 2017/35 Mindre endring av detaljreguleringsplan for 186/31 med fleire - flytting av gangareal og forandring av utnyttingsgrad i bustadfelt Porsvikneset - Valen - Porsvikneset AS

Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Det vart sendt ut ny innstilling i forkant av møte:

Etter merknad frå Fylkesmannen mottatt den 24.04.17, der Fm avviser ein mindre endring av planen jf. byggegrense mot sjøen (sjå vedlegg), har ein i samarbeid med Fm komet til ein ny innstilling basert på ein revidert teikning (sjå skisse), som skal omarbeidast til ny plankart.

Ny innstilling er (**raud skrift**):

Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad forvaltningskomitee godkjenner mindre endring av reguleringsplan for 186/31 m.fl. - endring av BYA, revidert takhøgde og takvinkel i bustadfelt Porsvikneset – Valen. Føresegner er revidert i følgjande punkt:

- *Pkt. 1. a. i. til: «Innanfor felt B1-B5 skal BYA ikkje overstige 30%. Arealet til parkering skal ikkje reknast med.» blir omgjort til: «BYA skal ikkje overstige 30%. Arealet til parkering skal ikkje reknast med.»*
- *Tar inn nytt pkt.: Innanfor feltet B6 skal BYA ikkje overstige 35%. Areal til parkering skal ikkje reknast med.»*

Plankartet er revidert på følgjande vis:

- *Deling av felt B5 og etablering av nytt felt B6.*
- *Reduksjon av føremålels grensa for konsentrerte bustader C1.*
- *Flytting av gangvegen f_GV1 til offentlig friluftsområde o_F1 som skiller B6 og C1.*
- *Etablering av 2 små områder for grøntstruktur aust for fellesveg (f_GV1).*
- *Revidert byggegrense mot sjøen.*

Vedtaket er heimla i pbl §12-14 og forvaltningskomiteen meiner i samsvar med utgreiinga nedanfor at endringa er mindre og i samsvar med lova.

Før vedtaket er gjeldande skal revidert detaljreguleringsplan (kart og føresegner) samt SOSI-fil sendast til kommunen.

Røysting: Ny innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee godkjenner mindre endring av reguleringsplan for 186/31 m.fl. - endring av BYA, revidert takhøgde og takvinkel i bustadfelt Porsvikneset – Valen. Føresegner er revidert i følgjande punkt:

- *Pkt. 1. a. i. til: «Innanfor felt B1-B5 skal BYA ikkje overstige 30%. Arealet til parkering skal ikkje reknast med.» blir omgjort til: «BYA skal ikkje overstige 30%. Arealet til parkering skal ikkje reknast med.»*
- *Tar inn nytt pkt.: Innanfor feltet B6 skal BYA ikkje overstige 35%. Areal til parkering skal ikkje reknast med.»*

Plankartet er revidert på følgjande vis:

- *Deling av felt B5 og etablering av nytt felt B6.*
- *Reduksjon av føremålels grensa for konsentrerte bustader C1.*
- *Flytting av gangvegen f_GV1 til offentlig friluftsområde o_F1 som skiller B6 og C1.*
- *Etablering av 2 små områder for grøntstruktur aust for fellesveg (f_GV1).*
- *Revidert byggegrense mot sjøen.*

Vedtaket er heimla i pbl §12-14 og forvaltningskomiteen meiner i samsvar med utgreiinga nedanfor at endringa er mindre og i samsvar med lova.

Før vedtaket er gjeldande skal revidert detaljreguleringsplan (kart og føresegner) samt SOSI-fil sendast til kommunen.

PS 2017/36 Mindre endring av reguleringsplan for del av 234/3 og 234/14 med fleire - Arealføremålbytte for hytte og fellesområde samt innteikning av gjeldande byggjegrænse - Høylandsbygd - Einar Medhus m.fl.

Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Rådmannen ba om at saka vart trekt frå sakslista.

Grunnen er merknad frå Fylkesmannen, som ikkje kan imøtekomast.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Saka vart trekt frå sakslista.

PS 2017/37 Mindre endring av reguleringsplan for 234/3 og 14 m.fl - takform og utnyttingsgrad av fritidsbustader på Høylandsbygd - Halsnøy - Torgeir

Tangeland og Laila Mehus

Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee godkjenner mindre endring av reguleringsplan for 234/3 og 14 m.fl - takform og utnyttingsgrad av fritidsbustader på Høylandsbygd - Halsnøy (planid.: 19970005).

I føresegner blir pkt. § 3.2.1 revidert til:

- *Maks. bygd areal BYA = 25 % . Maks. grunnflate for kvar hytteeining skal vera 120 m². Det kan byggjast maks. 2 høgder. Dette gjeld for fylgjande eigedommar: 234/3, 12, 13, 15, 20, 23, 24, 25, 27 og 31.*

I føresegner blir pkt. § 3.2.2 revidert til:

- *Takvinkel skal vera mellom 0 – 40 grader. For saltak skal maks. gesimshøgde vera 4,0 m og maks mønehøgde 7,0 m målt frå gjennomsnittleg terrengnivå. For pulttak kan høgaste gesims vera maks. 7,0 m, og lågaste gesims maks. 5,0 m.*

Vedtaket er heimla i [pbl §12-14](#) og forvaltningskomiteen meiner i samsvar med utgreiinga nedanfor at endringa er mindre og i samsvar med lova.

PS 2017/38 Oppstart av detaljreguleringsplan for deler av 14/1 med fleire - Småbåtanlegg Tuftemarka / Storeholsund - Ølve - Arve Kjærland

Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee rår til oppstart av arbeid med privat detaljreguleringsplan for deler av 14/1 med fleire - Småbåtanlegg Tuftemarka / Storeholsund - Ølve i samsvar med førespurnaden. Jf pbl [§12-3](#) med følgjande vilkår:

- *Det skal utleggjast planprogram m/ konsekvensutgreiing jmf. Forskrift om konsekvensutredning [§3. b\)+c\)](#) og [§ 4.](#) vedlegg II.12. b) og III. e), f) og m)*

- *Det skal utarbeidast ein aktualisert rapport med ein fagleg omtale av biologisk mangfald på staden og i området.*
- *Det skal utarbeidast ein fagleg landskapsvurdering om konsekvensar for bygging i nærleiken til eit sjøområdet som er ikkje kategorisert som utbyggingsområde.*
- *Planområdet sin avgrensing skal vurderast i.h.t. areal til framtidig reiselivnæring (kommunedelplan for Ølve, Hatlestrand og Varaldsøy;40-2).*

Melding om oppstart av planen må kunngjerast i lokalpressa, berørte grunneigarar, naboar og faginstansar må orienterast jf pbl [§12-8](#).

PS 2017/39 Utlekking til off. ettersyn av detaljreguleringsplan for 123/176 - Konsentrert bustadbygging i Uskedalen sentrum - Uskedalen - Uskedal Eigedom AS

Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Kvinnherad forvaltningskomite vedtek med heimel i [PBL § 12](#) - 11 at privat forslag til detaljreguleringsplan for 123/176 - Konsentrert bustadbygging i Uskedalen sentrum - Uskedalen, sist revidert den 07.02.17, vert i samsvar med lova lagt ut til offentlig ettersyn. Utlekkinga av planforslaget vert kunngjort i lokalpressa og kommunen sine elektroniske mediar, berørte partar og instansar skal varslast.

PS 2017/40 Utlekking til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for del av 81/1, 20, 35 - Rosendal kulturhistoriske trebåtsenter - Rosendal - Interesselaget for galeasen Gurine v/ Anders Jordal

Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Kvinnherad forvaltningskomite vedtek med heimel i [PBL § 12](#) - 11 at privat forslag til detaljreguleringsplan for del av 81/1, 20, 35 - Rosendal kulturhistoriske trebåtsenter - Rosendal, sist revidert den 21.03.17, vert i samsvar med lova lagt ut til offentlig ettersyn. Utlekkinga av planforslaget vert kunngjort i lokalpressa og kommunen sine elektroniske mediar, berørte partar og instansar skal varslast.

PS 2017/41 Utlekking til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for 154/257, 338 med fleire - Sunde industriområde - Sunde - Pøylo Eiendom AS

Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Kvinnherad forvaltningskomiteen vedtek med heimel i [PBL § 12 - 11](#) at privat forslag til detaljreguleringsplan for 154/257, 338 med fleire - Sunde industriområde - Sunde, sist revidert den 30.03.17, vert i samsvar med lova lagt ut til offentleg ettersyn med følgjande vilkår:

- *Det skal gjennomførast ein arkeologisk synfaring med granskning og rapport for å kunne omtale moglege arkeologiske funn/kulturminner i området, dette skal skjer på tiltakshavar sine kostnader.*
- *Moglege kulturminner i planen skal visast med omsynssone i kart og omtalast i føresegner.*
- *Det skal gjennomførast støymålingar og støytiltak i området, dette skal innarbeidast i føresegner.*
- *Teiknforklaring skal komme med opplysningar om oppstartsdato, revisjonsdato m.m.*
- *Føresegner skal føre alle revisjonsdatoar.*
- *I kart skal ein klar definere føremål i feltet som enten offentleg (o) eller felles (f).*
- *I LA-I manglar det byggjegrænse i kart*
- *I føresegner sin pkt 3.4 ynskjer ein ein betre utgreiing og omtale for «særlege giftige og helsefarlege stoff»*

Utlegginga av planforslaget vert kunngjort i lokalpressa og kommunen sine elektroniske mediar, berørte partar og instansar skal varslast.

PS 2017/42 Klagebehandling i.h.t. godkjenning av detaljplanendring for 153/346 m.fl - bustader på Slettestølen - Sunde - Bjørn Erik Eliassen Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Kvinnherad forvaltningskomitee tek ikkje klagen til følge og opprettheld kommunestyre sitt vedtak av 23.02.17 som følgjer:

Kvinnherad kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova [§12-12](#) at forslag til detaljreguleringsplan for 153/346 m.fl - bustader på Slettestølen - Sunde, sist revidert den 12.12.16 blir godkjent slik han ligg føre.

Grunnlaget for kommunal eigengodkjenning er til stades.

PS 2017/43 Behandling - Søknad om deling - 100/11 - Dimmelsvik - Jon Seberg Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Øyvind Utne (H) sette fram spørsmål om sin habilitet i saka, og gjekk frå.

Søkjær er onkel til kona hans. Forvaltningskomiteen fann at han var habil til å behandle saka og var med i behandlinga.

Etter merknad frå NVE datert 28/4-17 der NVE viser til omsyn til tryggleik mot erosjon m.m. rår rådmannen frå å gje dispensasjon til delinga.

RÅDMANN LA FRAM NY INNSTILLING I SAKA:

Tiltaket har fleire positive effektar, men grunna nærleiken til elva og omsyn til tryggleik mot erosjon vert det ikkje gitt dispensasjon til delinga. Kommunen har fått merknad frå NVE om dette, og denne uttalen vert tillagt vekt, jr pbl.§19-2 fjerde avsnitt.

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ ØYVIND UTNE (H):

Utsett med den hensikt at tiltakshavar får vurdert kompenserande tiltak, jfr. merknad frå NVE.

Røysting: Nytt framsett forslag frå Øyvind Utne vart samrøystes vedteke.

Rådmannen si nye innstilling fall.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Utsett med den hensikt at tiltakshavar får vurdert kompenserande tiltak, jfr. merknad frå NVE.

PS 2017/44 Behandling - Omdisponering - 82/16 - areal til kårhus - Joar Tveito Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Løyve til omdisponering etter jordlova §§ 9:

Forvaltningskomiteen i Kvinnherad syner til saksframstillinga og gir Edle Tveito løyve til å omdisponere eit areal på inntil 200 m² til oppføring av kårhus på gnr/bnr 82/16 plassert i tråd med alt 2.i saksutgreiinga.

Vedtaket er gjort med heimel i jordlova §9.

PS 2017/45 2.gongs behandling - deling - 278/5 og 272/1 Åkra - Evy Brekke Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ KAI MORTEN TORGET, FRP:

Kvinnherad Forvaltningskomité syner til saksframstillinga og gir løyve til å dele i frå gnr/bnr 278/5 frå eininga med gnr/bnr 272/1 og 278/5.

Vedtaket er grunngjeve med avstanden mellom dei to gnr/bnr, det tidlegare var to sjølvstendige einingar og delinga er eit ledd i samband med generasjonsskifte. Frådeling av gnr/bnr 278/5 er forsvarleg ut i frå den avkastning eigedomen kan gje.

Vedtaket er gjort med heimel i jordlova si § 12.

RØYSTING: Nytt framsett forslag vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Kvinnherad Forvaltningskomité syner til saksframstillinga og gir løyve til å dele i frå gnr/bnr 278/5 frå eininga med gnr/bnr 272/1 og 278/5.

Vedtaket er grunngjeve med avstanden mellom dei to gnr/bnr, det tidlegare var to sjølvstendige einingar og delinga er eit ledd i samband med generasjonsskifte. Frådeling av gnr/bnr 278/5 er forsvarleg ut i frå den avkastning eigedomen kan gje.

Vedtaket er gjort med heimel i jordlova si § 12.

PS 2017/46 Lovbrottsgebyr - ikkje omsøkt tilkomstveg Grunnavågen - 199/171,172 - Øybygg A/S m/fl

Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

NYTT FRAMSETT FORSLAG FRÅ OTTO BENJAMINSON, KRF:

Som administrasjonen, men kr. 10000,- i punkt 1, og kr.1000,- i punkt 2 og 3.

Røysting: O.Benjaminson sitt forslag fekk 3 røyster (Ingrid K.Eide, Øyvind Utne og Otto Benjaminson) og fall.

Rådmannen si innstilling fekk 4 røyster og vart vedteke.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Kvinnherad forvaltningskomite vedtek med heimel i plan og bygningslova (pbl) § 32-8, pkt b og Byggesaksforskrifta (SAK10) § 16-1 b), at det vert utferda følgjande lovbrottsgebyr i samband med bygginga av ikkje omsøkt tilkomstveg i Grunnavågen hyttefelt:

- 1. Lovbrottsgebyr stort kr 37.500,- til tiltakshavar Øybygg A/S som utfører tilkomstveg på 199/165, 170, 171,172 utan at det ligg føre naudsynt løyve. (SAK §16-1. b)2.)*
- 2. Lovbrottsgebyr stort kr 5 000,- til eigarane av 199/171 som lar utføra tilkomstveg på eigedommen utan at det ligg føre naudsynt løyve. (SAK §16-1. b)1.)*
- 3. Lovbotsgebyr stort kr 5 000 til eigarane av 199/172 som lar utføra tilkomstveg på eigedommen utan at det ligg føre naudsynt løyve. (SAK §16-1. b)1.)*

PS 2017/47 Delegerte vedtak - møte 3.5.2017

Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Forvaltningskomiteen tar lista over delegerte vedtak til orientering.

PS 2017/48 Behandling dispensasjon - 146/124 - føresegner i reguleringsplan for naust - Sunde - Elna Marie Fludal

Behandling i Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Rådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

Vedtak frå Forvaltningskomiteen den 03.05.2017

Kvinnherad forvaltningskomite gjev ikkje dispensasjon frå føresegn 4.b.II til reguleringsplan for naustområde Kaldestad del av 146/15, slik at naust med mønehøgde 6,30 m kan omsøkjats og godkjennast. Det kan gjevast dispensasjon frå plan- og bygningsloven § 1-8 om forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag for naust med mønehøgde 5 m i samsvar med godkjende føresegner. Avslaget for auka mønehøgde er heimla i pbl § 19-2 då omsyna bak reglane det vert dispensert frå, eller omsyna i føremåla til lova, vert vesentleg sett til side. I tillegg er ikkje fordelane ved å gi dispensasjon klart større enn ulempene etter ei samla vurdering.

Den fastsette mønehøgda på fem meter er i samsvar med føringane i kommuneplanen, og auka høgde utover dette vil klart koma i strid med planen og intensjonane den byggjer på. Ein dispensasjon her vil føra til presedens for behandling av naust i planen.

Refererte vedtak (delegert sak)

RV 2017/3 Vedtak i klagesak - 170/12 - avslag dispensasjon for tilkomstveg - Haktor A. Gjuvsland - Varaldsøy Vedtak i klagesak - 170/12 - dispensasjon for tilkomsveg

RV 2017/4 Løyve til omdisponering areal til juletreproduksjon - 145/20 Sunde - Knut Inge Bjørnebøle Løyve til omdisponering areal til juletreproduksjon - 145/20 Sunde - Knut Inge Bjørnebøle

RV 2017/5 Avgjerd klage fylkesmannen - 241/69 - teknise anlegg Hansalio Stadfesting - byggesak - 241/69

RV 2017/6 Vedtak i klagesak - flytebrygge - 193/40 - Sæbøvik - Bjørn Ove Sjo Vedtak i klagesak - etablering av flytebrygge og fylling